

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 5 - DESEMBER 2022
ÅRGANG 45



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar

kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjevevje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakonimnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedeilete:

Frå lysmessaa - John Arvid Skumsnes

kunstivest.no



Sei noko om Jesus!



Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Biskop Halvor Norhaug

Den kjende svenske forfattern Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av vennen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med vennen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På veggen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevennen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Redaksjonelt



Jul i kyrkja

Det er gudstenester i kyrkja på alle helgedagane, både i jula og rundt nyttår. Me håpar mange vil nytta seg av kyrkja i denne høgtida.

For dei som av ulike årsaker ikkje kan koma, vil gudstenestene bli strøyma slik at ein kan sjå dei direkte på <https://www.youtube.com/c/Fitjarsokn>. Her blir dei liggande nokre timar etter sending, før dei blir fjerna.

11. desember er det Julekonsert klokka 18:00

Dette er den tradisjonelle julekonserten, der Fitjar skulekorps, Osternes mannskor, ei gruppe frå kyrkjekoret, Fitjar kammerkor, Fitjar musikklag og kantor Jan Overweg deltek.

Her får du synga «Deilig er jorden», saman med orgel og blåserar, og fullsett kyrkje. Det er flott!

Julaftan

Då blir det gudsteneste på FBB og Hamnahuset, 11:00 og 11:30, i kyrkja 14:30 og 16:00. I kyrkja vil det vera ulike musikalske innslag, og takkofferet går til Kirkens Nødhjelp.

Juledag, 25.12 klokka 12:00

Høgtidsgudsteneste, med forsongarar og kor. Det blir nattverd, og takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali.

2. juledag, 26.12 klokka 19:00

Ungdomsgudsteneste mednattverd. Vegard Aarbø vil tala og Tor Håkon Aarbø er musikalsk leiar.

Nyttårsaftan, 31.12, klokka 23:00

Det blir ei enkel midnattsgudsteneste, der vi takkar for gamleåret og legg det nye i Guds hender. Me er ferdige før midnatt.

Nyårsdag, 01.01.23, klokka 12:00

8. dag jul, Jesu namnedag. Så får me begynna det nye året i Jesu namn. Det blir nattverd, og takkofferet går til Sjømannskyrkja.



Ungdomsgudsteneste

Me håper at ungdomane i Fitjar har lyst å samlast til ungdomsgudsteneste i kyrkja 2. juledag på kveldstid. Dette har blitt ein fin tradisjon. Mange har vore med i kyrkja denne kvelden, og ungdomar frå Fitjar har hatt ulike rollar. Tor Håkon Aarbø (20) har vore musikkansvarleg og blir med saman med fleire i år og. Etter å ha gått bibelskule i Grimstad, har Tor Håkon arbeidd i Normisjon som musikal. Me plar få ein ungdom til å preika denne kvelden. Og etter fire år med unge kvinner på talarstolen, har me dette året lukkast med å få ein ung mann, Vegard Aarbø (23) til å tala.

Me gler oss!



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. [Du kan nytta vedlagt giro.](#)

Frist for innlevering til neste blad er 17. mars til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 29. mars. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland





Leir på Solgry

Helga 28.-30. oktober arrangerte Fitjar Indremisjon og Fitjar kyrkje leir på Solgry. Søndag var det forteljinga i Lukas 15 om «Sonen som kom heim» som var preiketext. Dette sette rammene kring helga, som fekk overskrifta «kom heim»

T: Randi Lønning Matre - F: Ole Sandvik

Vi var samla 80 menneske, i alle aldrar, frå 0-90 år, for å vera saman. Vi leika, song og bad, åt, gjekk tur, køyrde Gokart, padla kano, skaut med pil og boge, luftgevær, spelte minigolf og bordtennis + endå mykje meir.

Med på turen var 9 ukrainarar, og «google translate» vart flittig brukt.

Leiren vart avslutta med familiegudsteneste med bønnevandring og nattverd.

Det var ei fin helg, der vi gjekk til duk og dekkja bord. Kjekt å vera saman på alle måtar, og eg trur alle møtte nye menneske.

Neste år blir det ny leir same stad og same helg.



Transport



To kjenningar



Skyting



Snart mat



bandet

Gokart



Tursti



Trampoline



Lysmessa

lyset er kome til verda

1. søndag i advent. Om kvelden, etter at julegrana er tent i sentrum, vart det som vanleg ljosomesse i kyrkja. Her var konfirmantane med i kvite konfirmantkapper dei bar lys, dei las og bad.

Olav J. Oma

I preika der kyrkjelydspedagogen, Randi L. Matre, og soknepresten, Olav J. Oma, preika saman om det store lyset som kom til verda, hørde vi òg konfirmantane sine tankar.

Dei hadde på førehand tenkt og skrive kva dei tenkte om mørke. Det kan vera både skummelt og koseleg. Det kan vera det fysiske mørke, men og det som gjer vondt inni oss. Gjennom preika var dei og med og delte sine tankar om lyset og om det å vera Guds born. «Du må få med at det gjeld oss, me som er konfirmantar» vart det sagt.

Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Jesus vil vera vårt lys både konfirmantar og andre.

Bandet som spelte til songane i gudstenesta, Heine Helland (bass), Terje Træet (trommer), Ole Christian Ottestad (saksofon), Karine Lillenes (song) og Harald Rydland (piano), deltok på ein framifrå måte i gudstenesta.





Temakvelden 27. oktober:

«Salig blanding»



Dette vart litt av ein kveld! Me har jo vendt oss til at mange av desse kveldane trekkje mykje folk, men denne gongen var frammøtet som på julaftan. Det hadde nok rykta seg at mange hadde hatt det kjekt med «Broder Aage og Elvis» i Øvrebygda bedehus i vår, og me som fylte kyrkja med forventning denne kvelden, vart ikkje skuffa!

T: Herman Inge Aadland - F: Ole Sandvik

Tom og Arve Rydland fylte kyrkjerommet med gode, gamle «Elvis-gospellåtar» og friske og frimodige «Broder Aage-songar» til stor jubel og glede. Ein må jo bli glad berre ved å sjå dei. Der stod Arve med føtene godt planta i golvet og hendene djupt i lommene, og med si personlege, varme stemme song han tekstane og tonane rett inn under huda på oss. Det same gjorde Tom. Dei to delte ein del av songane broderleg mellom seg. Denne delinga verka vel gjennomtenkt med tanke på å få fram songane sin karakter. Og dårlegare vart det ikkje dei gongene dei song duett!

Og i ryggen hadde dei litt av eit band! Det er nok ikkje kvardagskost at ordførar og varaordførar i ei bygd eller ein by kan briljera med slik musikkglede og musikalsk dugleik som våre! Kapellmeister Harald Rydland og «vise-kapellmeister» Sigurd Andre Maraas veit å spela på lag på fleire plan. Når så Heine Bernt Helland sitt glitrande bass-spel

byggjer under, Dagfinn Brekke krydrar blandinga med raffinert gitarspel og kornett og Bjørnar Jakobsen trakterer trommene, må det jo berre bli bra. Og det vart det til dei grader. «Herrens glade gutter leverte», og kyrkja var full av breie smil! «Halleluja-faktoren» var høg og ekte.

Og så var det dette med blandinga, då: Den var verkeleg salig på fleire vis. Songane og musikken var godt blanda. Det same var orkesteret og orkestreringa. Veldig variert og fint. Og så var det tilhøyrarane: Eg nemnde julaftan i stad, og me var verkeleg ei julekveld-forsamling. Det er frydefullt når breidda av folket i bygda kjem saman slik og får gle seg i lag. Kvelden var både munter, frisk og vakker. Men aldri parodisk eller sirkusprega. Dette var berre kjekt og godt. Ei vitamininnsprøyting på vegen inn i mørketida. Tusen takk til «Herrens glade gutter» og til Roald Drønen som knytte det heile så fint saman!

Me tek gjerne mot meir «salig blanding»!



Soknerådsval 2023

Neste haust skal nye sokneråd veljast, i Fitjar som elles i landet. Soknerådet som no er i sving, har oppnemnt ein komité som skal arbeida med å finna kandidatar til vallista.

Komiteen består av Gro Rydland, Helga Olsen Aadland, Frøydis Almås, Roald Drønen og Hilde Karin Vedøy Eiken.

Fitjar sokneråd har åtte faste medlemmer og 5 varamedlemmer. I tillegg er soknepresten med i rådet.

«SR skal ha si merksemd retta mot alt som kan gjerast for å nærja det kristelege livet i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikeleg forkynt, sjuke og døyande tente med det, døypete vert gjevne dåpsopplæring, born og unge samla om gode formål og lekamleg og åndeleg naud avhjelp. SR har ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni vert innarbeidd og utvikla i soknet» (Kyrkelova § 9).

Sidan det berre er eitt sokn i Fitjar, fungerer soknerådet også som fellesråd. Det betyr at SR også har ansvar for kyrkjebygning og uteareal med gravplassar med meir.

Alle som er medlem av Den norske kyrkje, er 15 år eller eldre i 2023, har stemmerett. For å stå på lista må ein vera minst 18 år. Det er ynskjeleg at me får eit representativt råd, både når det gjeld kjønn og alder.

Soknerådet er svært viktig. Dersom du har lyst å vera med å utvikla kyrkjelivet i Fitjar, er det viktig at du er positiv når du vert kontakta av komiteen. Eller at du gir dine gode forslag til komiteen.



Adventsfrukost

1. søndag i advent arrangerte søndagsskulen på Fitjar adventsfrukost på Fitjar bedehus.

Olav J. Oma

80 menneske i ulike aldrar møtte opp og fekk gleder seg over eit fint måltid med kakao og god mat. Her kjem familiane med pålegg og brød, og så deler ein med kvarandre.

Det var og søndagsskulesamling der det vart tent adventslys, sunge, og bibelforteljinga vart delt både på norsk og ukrainsk.

Dette er ein fin tradisjon.



Frivilligprisen til Anne Marie Røed

Ho vart nett tildelt frivilligprisen i Fitjar. Anne Marie er ei svært engasjert dama på mange område, både innafor og utafor kyrkja. «Me merkar gløden ho har for kyrkja, og særleg barne og ungdomsarbeidet,» seier kyrkjelydspedagog Randi L. Matre.

T: Olav J. Oma - F: Randi Lønning Matre

«Ho deltek på nær kvar einaste fredagskveld på Tentreff på bedehuset, og gjer ei viktig oppgåve mellom ungdommane våre.» Randi legg til at Anne Marie også er med på

«Vidare»-samling for ungdom ein gong i månaden. I tillegg sit ho i trusopplæringsutval og sokneråd.

Som de ser er ho viktig i kyrkja vår, men ho har òg eit sterkt engasjement på andre samfunnsområde i bygda.

Kyrkjebladet sin redaksjon stiller seg i rekkja av gratulantar.



Gratulerer!

Vi ser deg, Herre Jesus

NoS 65 - Svein Ellingsen

*Vi ser deg, Herre Jesus,
som en av jordens små.
Din fødsel er et under
vi aldri kan forstå.
Men i et evig lovsangs-kor
forenes alle slekter.
Vi ser deg, Barn, og tror!*

*Vår byrde vil du bære
og ta vår tyngste vakt.
Du skal beseire mørket
med Kjærlighetens makt.
Vi åpner oss for Gledens ord!
Vi ser deg, Barn og hører
Guds hjerteslag på jord.*

*Ditt komme, Herre Jesus,
forvandler jordens natt
og bringer lys til mange
som føler seg forlatt.
Hjelp oss å gå i dine spor!
La verden se din godhet
igjennom dem som tror!*





Godt nytt frå Mali:

«Denne kampen kjem vi til å vinna»



Orda i overskrifta tilhøyrrer Gabdo Cissé, ei brennande engasjert kvinne i Mopti-regionen i Mali. Ho er leiar og koordinator for PDRM, som er misjonen sitt landsbyutviklingsprosjekt i Mali. «Vi er 14 tilsette, sju kvinner og sju menn», seier Gabdo. «Målet vårt er å få slutt på praksisen med kjønnslemlesting av jenter. I tillegg hjelper vi landsbyar til å etablera spare- og lånegrupper for ungdom og kvinner.»

T: Herman Inge Aadland - F: Stina M. Aa. Neergård

Gabdo er sjølv mor til tre jenter, og ho er svært glad og takksam for at ho forstod kor brutal og meningslaus skikken med omskjering av jenter var før ho sjølv vart mor. Jentene hennar skal aldri utsetjast for slik nedverdiggande øydelegging.

Gabdo byrja med dette arbeidet i 2015. I 2018 hadde dei klart å overtala tre landsbyar til å forby kjønnslemlesting. Men det er ikkje berre lett å forandra slike inngrodde skikkar. Omskjering i Mali er ikkje religiøst motivert. Det er meir nedarva skikkar. Og dei set ofte fast. Gabdo fortel at ei av jentene hennar ein dag kom heim og fortalde at ei eldre dame hadde løfta på skjørtet hennar for å sjå korleis det stod til. Gabdo sa då til jenta at det skulle ho ikkje bry seg om, men ho skjønna kvifor den gamle hadde gjort det.

Det er ingen tvil om at arbeidet me støttar i Mali, ber frukt. Målmedvite arbeid gir resultat. I dag er

det landsbyleiarar som sjølv tek kontakt for å få hjelp med å bryta skikken. Og i juni 2022 vart det meldt at det no var 38 landsbyar som hadde sett forbod mot omskjering! Samstundes arbeidar dei med å forby barneekteskap. Og desse avgjerdene er så viktige at landsbyane rett og slett feirar dei med fest. Det er gledeleg å høyra om slik utvikling og framgang!

NMS arbeidar trufast og målretta for å dela evangeliet, utrydda fattigdom og undertrykking, og for å reisa menneskeverdet. Det er eit privilegium at me får vera med på dette. Og Fitjar kyrkjelyd har ord på seg for å vera ein god prosjektmedarbeidar.

Mali er ikkje det enklaste misjonslandet NMS arbeidar i. Der er mykje uro og mange hindringar. Desto viktigare er det at me er med og støttar den lokale kyrkja og dei trufaste medarbeidarane som står på. Ta gjerne dette arbeidet med i bøn, slik me gjer i kyrkja stort sett kvar søndag.

Juledag går høgtidsofferet vårt nettopp til misjonsprosjektet vårt i Mali. Dette er hermed tilrådd på det varmaste!

Parkering ved kyrkja

Etter at arbeidet med vegen forbi kyrkja og gravplassen vart ferdig stilt for nokre år sidan, blei det også slutt på parkeringsmoglegheit langs kyrkjegardsmuren. For dei som har vore dårleg til beins, har det vore vanskeleg å finna parkeringsplass nær kyrkja og kyrkjegarden. Soknerådet har gått inn for å opparbeida HC-parkering og parkeringsområde bakom kyrkjegardshuset med innkøyring frå Sjøsbrekko. Det er dette arbeidet som no i desember vil bli gjennomført av Engevik og Tislevoll. Det skal etablerast ei godkjent HC-parkering, i tillegg parkeringsareal med kapasitet for 7 parkeringsplassar for personbilar.

Trepleie

I november vart dei gamle bøketrea attmed kyrkjegardsmuren langs Fitjarvegen stelt av "Tre og hage". Dei lange greinene har i mange år hengt lågt over gravplassen og over fylkesvegen. Gjennom kroneløfting og sikring har trea fått det stellet som har vore nødvendig for å ta vare på dei.

Foto: Jan Overweg





Avslutningsmarkering for Sunnhordlandsmusikken

Den 25. oktober var det ei avslutningsmarkering for Sunnhordlandsmusikken i Fitjar Bedehus.

Trygve Eiken

Sunnhordlandsmusikken var ei samling av fleire musikklag frå bygdene i Sunnhordland, som kom i stand til 125 års jubileet for Indremisjonssamskipnaden i Uskedalen 1989. Medlemmer frå strengemusikklag på Tynes, Halsnøy, Sveio, Langevåg, Moster, Bremnes, Stord var invitert med og grunnstamma skulle vera Fitjar Musikkforeining under leiing av Lars K. Vik. På det meste kunne om lag 100 songarar, med 3 mandolinar, 5 trekkspel, 4 - 5 gitarar og piano, gje god og flott lyd frå seg. Sunnhordlandsmusikken har vore til stor velsigning i nærområda, men har og vore lengre utover.

Dei har teke del i 29 årsmøte for Samskipnaden, og mange haustmøte på Leirvik og i Bergen og andre møte. Dei har og vore på ein busstur i Sverige, 4 turar i Danmark og 6 turar rundt i vårt eige land. Dette har gjeve medlemmene eit trygt og kjærte fellesskapet, kor mange har halde i lag i 33 år. I alle desse åra har me sunge om Jesus og om himmelen, i bedehus og kyrkjer, til glede for mange tilhøyrarar. No var tida moden for ei verdig avslutning og om lag 80 møtte fram i Fitjar Bedehus denne kvelden.



Oppstilling av mange av dei som var i bedehuset denne kvelden, som til slutt song: «Det skal bli en gledens dag, når Jesus vi skal se» ein song skreve av Lars K. Vik. Dirigentar har vore Lars K. Vik og Trygve Eiken.

Foto Svein Bjarne Aase



Babysong og Småbarnsong

Hausten 2022 har det vore ein god oppsving på både babysong og småbarnssong. Noko av grunnane til det er at me ikkje treng forhalda oss til restriksjonar på same måte som dei to siste åra, og det er gledeleg at det er mange nye fødsjar i bygda.

Randi Lønning Matre

Babysong

På babysong samlast ein fin gjeng på matter til songstund. Det er både songar, regler og rytmar som fenger babyane.

Såpebobler er alltid ein slager. Det er fasinerande å sjå korleis dei små strekkjer seg etter boblene når me høyrer musikken til velsigninga!

Me avsluttar med å ete lunsj saman. Det er viktig med tid til ein god drøs over ein kopp kaffi!

Sjølv om me er ein fin gjeng, er det alltid plass til fleire.

Sjå datoar for våren på heimesida vår!

Småbarnsong

Ettermiddagssamlingar ein gong i månaden er fine samlingar for born i alderen 2-4 år. Det er god stemning og mange glade born som etter kvart kjenner songane. På desse samlingane kjem det mellom 15 og 20 born, saman med ein eller to føresette, besteforeldre og tante – det er veldig kjekt.

På bilete ser de at dei hjelper Elisabeth Moldestad å telje myntar. Det er ofte ho som har bibelforteljinga. Og denne dagen blei dei veldig engasjerte med å finne den sakna mynten til enkja.

Etter songstunda er det klart for nistekvelds. Når dei fleste har fått i seg litt mat, tar me fram duplo-klossane i midtgangen.



Såpebobler på babysong




LYS VAKEN

Ei natt i kyrkja
21. - 22. januar

Er du 11 år i 2022, og har du lyst å vera med på noko spennande? Vil du vere med på Lys Vaken? Set av helga i januar og bli med på overnatting i kyrkjal!

Påmelding på heimesida vår: www.kyrkja.no/fitjar
Pris kr 150,- (betal gjerne med Vipps: #23412 - Fitjar sokn; merk med deltakarnamn)



JULEFEST

For små og store på
Fitjar bedehus
fredag 30. desember kl. 17.00



**Tradisjonell
julefest med
song, andakt
v/ Torunn K
Aarskog,
«kaffi-mat» og
juletrengong**

Kollekt

**Alle er hjartelig
VELKOMNE!**

Arr.: Fitjar søndagsskule

Diakoninemnda i Fitjar

Nemnda består av leiar Annbjørg Stjern Tvedt, Halvard Wiik, Inger Marie Gilje, Hilda Gloppen, Grete Sætre, Bodil Nesse og Olav J. Oma

Gjennom året arrangerer nemnda open kyrkje, ein torsdag kvar månad. Me har hatt termostreff på kyrkjegarden i sommarhalvåret. Kwart år arrangerer me ein dagstur for pensjonistar.

Me sørgjer og for jubileumsblom kvart femte år frå fylte 80 år.

Me har òg organisert ei besøksteneste, der ein kan venta besøk ein gong i månaden. Kanskje for å prata, eller gå ein tur, for å vera saman. Om du ønskjer kontakt, så kan du snakka med ein av oss i diakoninemnda.

Helga knytt til helgemesse, den første i november, er nemnda og aktivt med i minnesamlinga laurdagskvelden og i gudstenesta søndag. Denne helga er viktig for mange, og me opplever at det er meningsfullt å få vera med.

I romjula er me med og arrangerer julefest på Fitjar bedehus saman med Fitjar Indremisjon

Nemnda vil òg sei ei stor takk for gåvene på 12.000,- frå Fitjar kraftlag og 20.000,- frå Sparebanken Vest. Desse gåvene var med og sponsa turen for kring 50 deltakarar til Flor og Fjære i vår.



Fitjar søndagsskule våren 2023

Som regel er det søndagsskule på Fitjar bedehus kvar søndag, klokka 11.00, når det ikkje er familiegudsteneste i Fitjar kyrkje.

Open kyrkje

Diakoninemnda arrangerer open kyrkje, den første torsdagen i månaden frå kl. 18:00-19:30.

For 2023 er det allereie planlagt open kyrkje 5.jan., 2.feb. og 2.mars.

Open kyrkje betyr at då er det mogleg å setja seg ned i ei stille kyrkje, for å be, tenkja, vere stille, tenna lys.

Kl. 18:30 er det kvar gong eit enkelt program.

Velkomen.

Måling av kyrkja

Gjennom dei siste åra har ein måla deler av kyrkja. No var det på tide å måla heile kyrkja utvendig, inkludert tårnet. Tidleg på forsommaren starta arbeidet med å vaska alle vegger.

Det er kyrkjegardsarbeidar Kjetil Hagevik Ragde som har utført det aller meste av arbeidet. Undervegs har han fått hjelp frå dugnadsarbeidarar til å måla partia under vindauga.

Det vart bruk lift til hjelp i arbeidet med å måla to strøk med linoljemåling frå topp til botn. Den meir enn 150 år gamle kledninga på kyrkjeveggane er dermed godt beskytta for vår og vind dei komande åra.

Temakveldar framover

Temakveldgruppa arbeider med programmet for våren 2023, og me får besøk av fleire interessante foredragshaldarar og flotte musikarar det komande halvåret.

Siste torsdagen i januar kjem professor Magne Suphellen, som arbeider i avdeling for strategi og leiing ved Handelshøgskulen. Hans arbeid har særleg fokusert på dei psykologiske sidene av faga. Temaet hans er «Har du suksess i livet? Kva er suksess for deg? Kva betyr suksess i Bibelen?»

Det vert så ein kveld i februar med Trygve Riiser Gundersen. Han har gitt ut ei bok om Hans Nielsen Hauge og haugianarane, og vil formidla dette temaet til oss. Dette skreiv Dagbladet om boka: «Med Haugianerne har Trygve Gundersen skrevet ny Norgeshistorie av ypperste merke [...] I 25 år har idéhistorikeren og forlagsredaktøren Trygve Riiser Gundersen arbeidet med predikanten Hans Nielsen Hauge og hans vekkelsesbevegelse....»

I mars kjem Ytre Suløen Jass-ensemble med skikkeleg gladjass. Ytre Suløen fyller 50 år i 2023, og feirer m.a. med konsert hos oss. Etter 50 år har det av naturlege årsaker vore ei stor utskifting av dei

opphavelege medlemene, men ein av dei som starta ensemblet, er framleis med! Det kjem til å svinga i kyrkja denne kvelden!

Me avslutter temakveldane i april med stor konsert med Sigurd Melvær Øgaard, domorganist i Bergen, saman med ektefelle, musikarkollega og songar Laurie Robertson Øgaard.

Me ser fram til eit spennande halvår!

Temakveldgruppa består no av:

Eli Simonsen
Anne Britt Tornes
Benedicte Meyer



Julekos

på Fitjar bedehus

Fitjar indremisjon og Diakoninemnda i Fitjar ønskjer velkommen til Julekos i Fitjar bedehus ons. 28. des kl 1800.

Andakt: **Fridleif Lydersen**
Song: **Silje Rydland**
Opplesing: **Harald Johan Sandvik**
Servering snittar og kringle. Kollekt.

Påmelding telf. eller sms til 470 18 264
Annbjørg Stjern Tvedt innan 21. des.

Alle frå heile bygda er velkomne!

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Først i tynge og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



KVERNENES



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:
post@engevik-tislevoll.no

Ledig annonseplass



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

Ledig annonseplass



Slækters gang

Døyppte:

18.09

Emil Pedersen Wille

25.09

Noah Dagsland Rimmereid
Frøya Marie Bukkøy Stensletten

23.10

Leo Aarbø Skarstad

30.10

Alida Nesbjørg Eikefet
Liam Malkenes

20.11

Frida Vestbøstad
Birk Haukeland Arnevik
Filip Bjordal Lyrén

Vigde:

17.09

Rune Strandenes og
Theresa Heggøy

04.11

Morten Hansen og
Jeanette Angeline Hansen

Jordfeste:

Nora Gloppen
20.03.1930-18.10.2022

Irene Aarskog
02.04.1936-22.10.2022

Alf Gjøsæter
22.01.1935-31.10.2022



Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
11.12	11:00	3. søndag i advent	Roald Drønen,	
	18:00	Julekonsert		
18.12	11:00	4. søndag i advent	Olav J. Oma	Frelsesarmeen på Stord
24.12	14:30	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
	16:00	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
25.12	12:00	Juledag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, NMS i Mali
26.12	19:00	2. Juledag	Olav J. Oma	Ungdomsgudsteneste talar Vegard Aarbø
31.12	23:00	Nyårsaftan	Olav J. Oma	
01.01	12:00	Nyårsdag	Olav J. Oma	Sjømannskirken
08.01	11:00	Kristi openberringsdag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
15.01	11:00	2. søn i openberringstida	vikar	Sunnhordlandsaksjonen NMS
22.01	11:00	3. søn i openberringstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
		Familiegudsteneste LYSVAKEN		
29.01	11:00	4. søn i openberringstida	Olav J. Oma	Stefanusalliansen
05.02	11:00	Såmanns-søndag	vikar	Det norske bibelselskap
12.02	11:00	Kristi forklåringsdag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
19.02	11:00	Fastelavns-søndag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet NMS
		Familiegudsteneste TÅRNAGENT		
26.02	11:00	1. søndag i fastetida	vikar	Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden
05.03	11:00	2. søndag i fastetida	vikar	Bjørgvin si vennskapskyrkje på Cuba
12.03	11:00	3. søndag i fastetida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
19.03	11:00	4. søndag i fastetida	Olav J. Oma	Åpne dører
26.03	11:00	Maria bodskapsdag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
02.04	11:00	Palmesøndag	Olav J. Oma	Trusopplæringa
		Familiegudsteneste BORNAS PÅSKEFEST		